

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

2014



Årsmøte blir halde torsdag 23. april 2015 kl. 19.30 på Skjåk Turistheim

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2014
5. Styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2015 for styremøte og andre møte, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av medlemmar til Revisjon- og kontrollutval
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningkontoret seinast 1 veke før årsmøtet)
 - a) Almenningsstyret ynskjer å diskutere gjeldande valordning med årsmøtedeltakarane.

Styret for Skjåk Almenning

*Skjåk Almenning - til det beste for jordbruket
og til glede for alle*

ÅRSMELDING 2014

1. STYRET

Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2012-2016	Liv Mona Johnsgard	2014-2018
Rannveig Brennhaug (nestleiar)	2012-2016	Rune Plassen	2014-2018
Mona Haugen Grimstad	2012-2016	Ragnhild Haugen	2014-2018
Gudrun Ramstad	2012-2016		

Vara

Simon Eiesar	2012-2016	Sæbjørn Forberg	2014-2018
Ingrid Viken	2012-2016	Vidar Vange	2014-2018
Åge Bankhaug	2012-2016	Roger Haugen	2014-2018
Tor Håvard Rustad	2012-2016		

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

Møter og synfaring

Det vart halde 9 ordinære styremøte i 2014, der 59 saker er handsama. Det har vore 1 synfaring i samband med tildeling av seter.

I tillegg til styresakene har det gjennom året vore sett opp ulike drøftingstema på styremøta. Almenningsstyret slutførde sitt arbeid med, og vedtok strategiplan for Skjåk Almenning 2014-2019. Dette blir eit sentralt reiskap for både styret og administrasjonen framover. Almenningsstyraren og styreleiaren representerte Skjåk Almenning under årsmøtet i Norsk Almenningsforbund på Eidsvoll.

Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad
Skjåk Almennings Utviklingsselskap AS	Sæbjørn Forberg (styreleiar)
Skjåk Hytter AS	Sæbjørn Forberg
Breheimen Nasjonalparkstyre	Rannveig Brennhaug
Ottadalen Villreinutval	Stig Aaboen (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Norsk Almenningsforbund	Sæbjørn Forberg
Bruksrettsutval	Kjell Egil Ramstad, Mona Haugen Grimstad og Ragnhild Haugen.
Rådgevinge utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådgevinge utval Breheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Fritidshus AS	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Turløyper SA	Birgit Bilstad

Skjåk Almenning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund.

Revisjon

Ernst & Young AS. Revisjons- og kontrollutval: Egil Mork, Lars Skrinde og Lars Petter Forberg. Dei vart valde for 2 år i 2013.

Tilsette

Almenningsstyrar	Jo Trygve Lyngved
Utmarksrettleiar	Birgit Bilstad
Skogbruksleiar/naturoppsyn	Kjell Olstad
Kontomedarbeidar	Kari Elin Sperstad
Rekneskapsførar	Hans Skamsar
Sekretær Norsk Almenningsforbund	Stig Aaboen
Skogsarbeidar	Sylfest Forberg
Reinhaldar	Ingrid Nyhus

I sommarhalvåret blir det nytta innleigd arbeidskraft.

Hans Skamsar har frå 1. januar 2014 vore tilsett i Skjåk Almanning og har utført utleigetjenester innan rekneskap til Skjåk Trelast AS, Bygger'n Skjåk AS, Skjåk Almennings Utviklingsselskap AS, Skjåk Fritidshus AS og Norsk Almenningsforbund.

Årsmøtet 2014

Årsmøte med val vart halde på Skjåk Turistheim 24. april. Det møtte 28 bruksberettiga, inkl. styret. Hans Skamsar, Kari Elin Sperstad og Jo Trygve Lyngved deltok frå administrasjonen. Det var 304 bruk med røysterett ved almenningvalet i 2014.

2. BRUKSRETT

Styret har også i 2014 arbeidd med ulike bruksrettsspørsmål og på nyåret gjekk det ut eit rundskriv til alle bruksberettiga. Styret har blant anna gjeve uttrykk for at det er det aktive jordbruket som skal prioriterast. I så måte har det vorte utarbeidd nye retningslinjer og nytt søknadsskjema for bruksrettsytingar. Styret har lagt til grunn at føresetnaden for å få bruksrettsyting er at tiltaket tilfredsstillar eigedomens behov ved jordbruksmessig drift, og er i samsvar med rasjonell bruk i høve det som er naturleg etter tid og tilhøve, jfr. Bygdealmenningslova § 2-2. Når søknader om tømmer og trelast skal handsamast vil styret mellom anna sjå på dagens drift, framtidsplanar, og andre relevante moment. Styret har samstundes innført ekstra rabattar ved overdraging av gardsbruk til unge brukarar.

Tilgang på strøflis har vore ei utfordring for gardbrukarane i fleire år. Almenningsstyret har i samarbeid med Skjåk Trelast AS fått til ei prøveordning der det alltid skal vera tilgjengeleg flis på sagbruket. Ordninga har fungert godt i 2014 og Skjåk Almanning yter vanleg kvantumsrabatt og bruksrettsrabatt ved kjøp av flis.

I 2014 vart det sleppt 3617 sau på beite i Skjåk Almanning, med omtrent lik fordeling av dyr på nordsida og sørsida av dalføret. Tapsprosenten var på 9,3 %, eit tap som er høgare enn på fleire år. Av andre husdyr var 604 geiter, 25 hestar og 868 storfe på beite i Skjåk Almanning.

Almenningsstyret har vore på synfaring i samband med tre setertildelingar som vart gjort i 2012. Fristen for å setja i stand gjerdet og såleis behalde setra vart den gongen sett til 1. januar 2014. Ved synfaringa med påfølgjande styrehandsaming var vilkåret for å behalde setra ikkje oppfylt ved det eine tilfellet.

I budsjettarbeidet før jul i 2014 vart det teke høgde for at bruksrettssetrer i almenninga skal matrikkelførast med festenummer under Skjåk Almanning. Slik det er gjort i dag er bruksrettsseter registrert som ein del av landbrukseigedommen, altså teig som berre er kopla til matrikkelnummer for landbrukseigedom. Det er fleire partar og offentlege instansar som har behov for tilgjengeleg og korrekt informasjon om bruksrettssetrene. Ved å opprette festenummer blir heimelen til setra overført til almenninga, medan bruksretten til setra blir knytt opp mot det respektive gardsbruket.

Det var ein betydeleg oppgang i ytingane til bruks- og eigedomsberettiga frå 2013 til 2014, og ytingane i 2014 (kr. 1.742.252) er det høgaste over dei siste 10 åra. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til omlag kr. 2.280.000 (tal frå landbrukskontoret).

3. SKOGEN

I skogbruksplanen frå 1997 er det produktive arealet i Skjåk Almanning 92.810 daa. Inkludert i dette arealet er det registrerte MIS-områder. I tillegg har almenninga skogkledde areal som er verna som nasjonalpark eller naturreservat, eit område som utgjer 54.711 daa. Prinsippa i Levende Skog er utgangspunktet for drifta i skogen, og blir kvalitetssikra gjennom systemet for miljøsertifisering i Mjøsen Skog SA.


Sjølv om oppryddinga etter Dagmar er avslutta kan ein tydeleg sjå etterverknadane. I 2014 har Skjåk Almanning planta eit stort antal furuplantar, og er meir eller mindre ajour med planting etter Dagmar.

Arbeidet med skogbruksplanen som skal vera ferdig i 2015 følger tidsplanen, og sommaren 2014 vart all markbefaring gjort. Det nye driftsapparatet med gravemaskin påmontert hogstaggregat og 200-meters taubane er også brukt i 2014. Denne driftsmåten må brukast i åra framover, da almenninga har eit stort kvantum med hogstmoden skog i brattelendt terreng.

Det er motteke offentlege statstilskot for ungskogpleie, planting og bygging av skogsvegar.

Hogst

Innmålt kvantum i 2014 var 8.036m³. Av dette volumet var 56 prosent sagtømmer, medan resten var slip og anna vyrke. Av totalkvantumet er det utført tynningshogster på 1263 m³. All avvirking er av furu. Snittprisen på skurtømmer og slip var høvesvis 445 kr/m³ og 200 kr/m³.



(Tømmerkvantum 2004-2014 fordelt på slip og skurtømmer)

Skogkultur

Nyplanting er utført på 724 daa. Til saman er det planta 128.000 stk. furuplanter av A6 (72.400), A7 (52.400) og A8 (3.200) Skjåkproveniensen. Kostnaden er 4,3 kr/plante. Det er utført ungskogpleie på 466 daa og førehandsrydding/lauvrydding på 42 daa. Kostnaden på ungskogpleie er 421 kr/daa. Til planting og ungskogpleie er det brukt både eige og innleigd arbeidskraft. Det er ikkje utført markberedning dette året.

Våren 2014 vart det plukka 87 kg kongler i Skjåk Almenning i høgdelag 7. Dette utgjer om lag 117.450 ferdige planter.

Vegar

Slettomsvegen 2, som er ein traktorveg på 550 m er ferdigstilt. Bualivegen, som er hovudvegen i Bråtå baksida vart i stor grad ferdigstilt i haust. Denne vegen er 5.900 m, derav er 750 m nybygd. Totalkostnad på dette vegprosjektet kjem på om lag 752.000 kr, og prosjektet blir ferdigstilt neste år. Skjåk Almenning har om lag 59 km med skogsbilveg, 190 km med traktorveg og 40 km med enkle driftsvegar.

I 2014 var det registrert 4 naturskader. Kostnaden på desse er kalkulert til om lag kr. 53.000. Det er ikkje registrert skogskadar av større omfang i 2014.

4. UTMARK

Storvilt

2014 var siste året av den 3-årige bestandsplanen for elg, hjort og rådyr. Den er bygd opp slik at heile Skjåk kommune i stor grad har ein felles bestandsplan med felles målsetjingar, avskytingsmodell og verkemiddel.

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvote	54 (45)	49 (42)	442 (470)	49 (47)
Felt	53 (39)	43 (32)	324 (367)	20 (26)
Fellingsprosent	98 (87)	88 (71)	73 (78)	41 (55)
Kg. kjøt	7.023 (5.558)	2.638 (2.183)	12.500 (stipulert)	300 (stipulert)


(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2014. Tal 2013 i parentes)

Kvota på villrein var noko lågare i 2014 enn 2013. Målsetjinga til Villreinutvalet er at vinterstamma på nord- og sørområdet skal vera høvesvis 1.800-2.100 og 700-800 dyr. Fellingsprosenten var i 2014 god for heile Ottadalsområdet (74 %). Gunstige vær- og jakttilhøve var nok ein av grunnane til dette. Dyra brukte i motsetning til 2013 store deler av området sør for Lordalen, og alle rettshavarane på nordområdet hadde dyr gjennom jakta. Skjåk Almenning fekk ein fellingsprosent på totalt 73, med slik fordeling: nordområdet 70%, søraustområdet 74%, sørvestområdet 86%.



(Elgfall i Uppnåse hausten 2014)

Etter høg avskyting i 2011 og 2012, samt dårleg kalvetilvekst i 2012, meinte ein at elgstamma var på tur ned. Dette var også noko av grunnen til av kvota vart sett noko lågare i 2013. Rapportering og attendemeldingar frå jegerar og analysing av sett elg-skjema etter hausten 2013 kan tyde på at elgstamma kanskje ikkje hadde gått ned likevel. Kvota i 2014 vart sett relativt høgt, både på elg og hjort. Det vart høg felling, og eit rekorduttak på hjort med 43 felte dyr. Inntrykket etter årets jakt er at det fortsatt er gode bestandar av både hjort og elg. 1 elgukse vart kassert av Mattilsynet. Talet for 2014 er dessverre dystert kva gjeld viltpåkøyrslar (der avliving vart utfallet) og irregulær avgang. Fallviltgruppa registrerte 53 dyr (22 elg, 10 hjort, 19 rådyr og 2 villrein). Tala gjeld for heile Skjåk, og er minimumstal.



(Totalkvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almenning 1994-2014)

Småvilt

Våren 2014 vart det utarbeidd forvaltningsplan for småviltressursen i Skjåk Almenning. Kortpris og korttype var noko av det som vart endra, samstundes vart det innført eit opplegg for premiering av uttak av smårovvilt i samarbeid med Skjåk jeger- og fiskarlag (SJFL).

Ein hadde håp om eit bra rypeår sidan det vart observert mykje stamfugl vinter og vår 2014. Taksering vart utført av fuglehundgruppa i SJFL. Taksering i august, samt observasjonar før jakta indikerte at produksjonen av rypekylling totalt sett i Skjåk var låg/middels.

Under takseringa vart det funne jamt over brukbart med vaksen fugl, men meir variabelt med rypekyllingar. I nokre område vart det funne store kull og fine kyllingar, medan andre område i Skjåk hadde ingen/små kull av lirype. Det vart innført avgrensing i uttak per jeger per dag (bag limit), på inntil 1 lirype og totalt inntil 3 ryper per jeger per dag.

Rapportar frå jegerane tyda på at takseringsresultatet stemte bra, (og difor vart vidare sal av jaktkort til utanbygds avslutta sist i september.)

Innanbygdsbuande har 4 kategoriar småviltkort å velje i. Totalt vart det seld 103 kort i jaktåret 2014/2015, fordelt på 10 smårovviltkort, 59 sesongkort og 34 halvsesongkort.


	Antal jegerar	Rapporterte jegerdagar	Rapport %	Felt lirype	Felt fjellrype	Felt rype pr. jegerdagsverk
Totalt	337	799	68 %	270	373	0,8

(Nøkkeltal rypjakta 2014/2015. Frå og med 2014 vil Skjåk Almenning få inn informasjon frå innanbygds og ta med dette i statistikken)

I 2014 vart det betalt ut skotpremie for 77 raudrevar, mot 75 i 2013. Skotpremien er på kr 300, og er eit samarbeid mellom Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag.

Fiske


For innanbygds er talet på selde fiskekort relativt stabilt, med i underkant av 400 selde kort årleg. Fordeling på familiekort (196 stk.) og enkeltkort (200 stk.) skulle tilseie at det totalt sett må vere minst 600 skjåkværar som løyser fiskekort. Når det gjeld utanbygds er talet meir varierende, men med ei auke dei siste fire åra. Sommaren 2014 var fantastisk værmessig, og fjellfiskesesongen var lengre enn vanleg. For fyrste gong vart det seld over 1.000 utanbygds fiskekort i Skjåk.



(Sal av fiskekort 2007 – 2014)

Til saman vart det sett ut 3.800 aure i 2014, der 1.600 to-somrige fisk vart fordelt på 13 vatn om sommaren og 2.200 to-årige fisk vart fordelt på 6 vatn om vinteren. Kostand pr. innkjøpt fisk ligg på om lag kr. 16. I tillegg kjem arbeidsinnsats med settfiskasser i Botn, organisering og utkøyring.

Det har vore prøvafiska på Kolbeinsvatnet, Grønvatnet, Fremste Veltadalsvatnet og Heimste Veltadalsvatnet på oppdrag for Tafjord Kraft. Prøvefiskeresultata blir klare i februar 2015.



(Utvikling i sal av ulike kategoriar fiskekort 2010-2014)

Av rekrutteringstiltak retta mot born og unge har Skjåk Almenning vore med på «Aktiv haustferie» med tema jakt og fiske, ungdomsskuleopplegget «Forske på fjell» og «Fiskesommer 2014». Som tidlegare sponsar almenninga utgiftene til jegerprøva for innanbygdsbuande under 20 år.




(Frå familiefiskedag ved Heimdalsvatnet)

Hytter

I hyttefeltet på Liavatnet er all infrastruktur ferdig. Det er att 9 ledige tomter av opphavleg 21. Bråtåsaga, som sto overfor eit omfattande vedlikeholdstiltak, er avhenda.

Utleiehyttene i fjellet er populære, og har hatt ei markert auke dei siste åra. Som det går fram av figuren under har talet utleigedøgn auka med over 100 % frå 2012 til 2014. Målretta marknadsføring og online-booking på inatur.no kan nok vera forklaringa på dette.



(Utvikling utleigedøgn hytter/buer 2008-2014)

Regional villreinplan for Ottadalsområdet

Gjennom eit bestillingsbrev frå Miljøverndepartementet har Oppland Fylkeskommune utarbeidd forslag til regional villreinplan for Ottadalsområdet. Den omfattar eit areal på 7.554 km² fordelt på 10 kommunar i 3 fylke. Kort sagt er planen utarbeidd for å sikre langsiktig og heilskapleg forvaltning av villreinstamma i Norge, der Ottadalsområdet er peikt ut som eit av 9 nasjonale villreinområde. Store delar av arealet er allereie verna som nasjonalpark, landskapsvernområde eller naturreservat, og den regionale planen følgjer i stor grad vernegrensene. Planen vil medføre at Skjåk og Skjåk Almenning får enda fleire retningsliner å halde seg til, og blir planen gjennomført vil meir enn 90 % av arealet i Skjåk ha restriktive retningsliner for bruk. Skjåk Almenning har kome med fleire innspel til planen, særleg gjeld dette avgrensing, næringsutvikling og medverknad. Administrasjonen retta våren 2014 ei oppmoding til sentrale politikarar på fylkestinget om at planen måtte opp til ny vurdering. Fylkestinget

valde å ikkje handsame planen for endeleg avgjerd. Det er heller ikkje kome noko signal på vidare prosess i saka.

5. ØKONOMI

Rekneskap


Rekneskapen for 2014 viser eit samla driftsresultat på kr. 3.388.267. Ordinært årsresultat etter finanspostar og skatt er kr. 4.311.781. Av årsresultatet går kr. 1.742.252 til ytingar til bruks- og eigedomsberettiga.

Skogavgifta er høg pga. stor aktivitet i skogen etter Dagmar, samt at arbeidet med ny skogbruksplan er i gang. Nedskrivning av aksjekapital er gjort på Skjåk Hytter AS og Skjåk Fritidshus AS.

Almenningsstyret meiner framlagt årsrekneskap for 2014, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisande bilete av driftsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almanning ved utgangen av året. Grunnlaget for vidare drift er tilstades, og årsrekneskapen for 2014 er sett opp under denne føresetnaden.

Bidrag

Skjåk Almanning yter årleg betydelege bidrag til dei bruks- og eigedomsberettiga. Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt og kvantumsrabatt, noko som utgjorde kr. 1.742.252 i 2014. Dette er ei betydeleg auke frå 2013. Kvantumsrabatt frå Skjåk Trelast AS kjem i tillegg til dette.



(Ytingar og antal bruk med røysterett i Skjåk Almanning 2004-2014)

Det er gjeve tilskot til ny bru over Sotgrove ved Sota sæter. Det er løyvd kr. 130.000 til Skjåk Turløyper for løyperkøyning sesongen 2013/2014 og 2014/2015. Skjåk Almanning bidreg med 25 timar med høvling av Sotvegen kvart år, samt at det i 2014 er gjeve eit kontant bidrag på kr. 10.000. Det er inngått ei 3-årig sponsoravtale med Lom og Skjåk Skyttarlag med eit årleg beløp på kr. 10.000. Prosjektet Innovativ bygdealmanning er løyvd ei rame på kr. 120.000, der kr. 50.000 utgjer eigeninnsats frå tilsette i almenninga.

Almenninga deltek med ein representant til Skjåk Turløyper SA. Skjåk Almenning har elles bidrege med arbeidskapasitet i ulike prosjekt og oppdrag (Aktiv Haustferie, Forske på Fjell).

Industrielt eigarskap

Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

Låg byggjeaktivitet og lite nybygg preger marknaden, samt at bransjen er utsett for sterk konkurranse. Det er likevel meldt om bra pågang i 2014, noko omsetninga ber preg av. Skjåk Trelast AS eig 70% i Bygger'n Skjåk AS, ei solid bedrift som går godt. Skog- og trelastnæringa fekk ein ny situasjon da Otta Sag og Høvleri AS selde saglinja sommaren 2014. Treteknisk Institutt vart engasjert for å utrede sagkvantum etter at Otta Sag og Høvleri AS selde saglinja si sommaren 2014. Rapporten kjem på nyåret i 2015. Leveranse av fyringsflis til fjernvarmeanlegget i Lom vil gje viktig bidrag i åra framover. Utvikling og vidare drift på sagbruket blir eit prioritert arbeidsfelt for almenningsstyret i 2015. Rekneskapet for 2014 viser eit negativt årsresultat på kr. 267.900

Skjåk Hedda Hytter AS/Skjåk Hytter AS:

Starten på 2014 var krevjande for selskapet. På vårparten vart det sett i gang eit omstillingsprosjekt der Hedda Valdres gjekk ut av selskapet og Bygger'n Skjåk AS kom inn som ny aksjeeigar. Intensjonen var å vidareføre produksjon og sal av Hedda hytter, men da gjennom lisensavtale med Hedda Valdres. Ved ei slik løysing kunne SH produsere andre produkt enn berre Hedda Hytter. Skjåk Almenning gjekk inn med kr. 100 000 i ny aksjekapital samstundes som gammal aksjekapital på kr. 300 000 vart nedskreve i 2013. Dette var eit av fleire tiltak som vart gjort for å hjelpe selskapet vidare. Hausten 2014 melde selskapet om oppbud og selskapet er avvikla. Skjåk Almenning har i årets rekneskap skreve ned aksjekapitalen.

Skjåk Almennings Utviklingsselskap AS:

Finanskrisa har ført til at veksta i hyttemarknaden har vore lågare enn forventa, og situasjonen kan bli noko meir langvarig enn det tidlegare var grunn til å tru. På Billingen er arbeidet med infrastruktur for dei 33 tomtene i det vestre feltet i stor grad fullført. Skjåk kommune har teke over VA-anlegget og drifrar dette. Av 33 tomter er 6 seld, 2 av dei i 2014. Rekneskapen for 2014 viser eit negativt årsresultat på kr. 225.825.

Skjåk Fritidshus AS

I 2012 kjøpte eigarane av Skjåk Hedda Hytter AS ut 4 visningshytter gjennom eit eiga aksjeselskap (Skjåk Fritidshus AS) for å lette likviditetssituasjonen i selskapet. I 2013 kjøpte eigarane i Skjåk Fritidshus AS ei hytte kvar, medan den siste høyrte Skjåk Fritidshus AS til. Skjåk Almenning kjøpte visningshytta i Billingen Hyttegrend, denne er avhenda i år. Det same er den siste hytta i Skjåk Fritidshus AS. Selskapet er vidare fusjonert med SEBB AS. Aksjekapitalen er brukt til kapitalkostnader, og Skjåk Almenning har i årets rekneskap skreve ned aksjekapitalen.

Skjåk Almenning ynskjer å bidra til utvikling i Skjåk. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Bedriftene er konjunkturavhengige, og etterverknadene etter finanskrisa er utfordrande. Regionen er dessverre prega av lite aktivitet og næringsutvikling. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almenning.

Diverse

I 2014 vart avkastning av fond brukt slik (sjå eigen tabell i rekneskapsnotene):

Erstatningsfond Øvre Otta

- Kr. 394.155,- til skogkultur

Skjåk Almennings Utviklingsfond

- Kr. 130.000,- i tilskot til løypekøyning for sesongen 13/14 og 14/15.

Almenningsstyret har utarbeidd forslag til statuttar for verneområderstatning. Desse blir sendt ut til eigarlag og bruksrettslag for uttale. Endelege statuttar blir vedteke på vårparten i 2015.

Skjåk Almenning leiger ut arbeidskraft til SNO og Eidsiva, noko som utgjorde 365 timar i 2014. Arbeidet omfattar oppsyn, gjennomføring av ulike prosjekt og rydding i strømlinjetrase.



(Ny bru over Sotgrove på plass hausten 2014)

6. ANDRE OPPLYSNINGAR

Arbeidsmiljø

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2014 var sjukefråveret på 0,6 prosent av mogleg arbeidstid, mot 1,4 prosent året før. Skjåk Almenning er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste (GBHT).

Skjåk Almenning hadde pr. 31.12.2014 tre kvinnelege medarbeidarar, den eine på deltid som reinhaldar. I almenningsstyret er 5 av 7 medlemmar kvinner.

Ytre miljø

Grunnlaget for skogbruket i Skjåk Almenning er nedfelt i skogbruksplan frå 1997. I planen er det gjort fleirbruksregistreringar, etter omfattande MiS registreringar i 2003, m.a. med kartlegging av biologisk viktige område (BVO). Landskapsplanen for almenninga vart revidert i 2011.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

7. UTSIKTENE FRAMOVER

Året 2015 og tida framover byr på store utfordringar for styret, leiinga og dei tilsette. Eit høgt aktivitetsnivå på fleire felt og særskilte brukargrupper (eigedomrett, bruksrett, bygdefolk, jegerar, fiskarar, hyttefolk, turistar, verneområde) gjer drifta krevjande. Dei store skogskadane etter orkanen Dagmar vil påverke både skogbruket og sagbruksverksemda. Den vil også påverke økonomien i skogavdelinga, og aktiviteten her vil avhenge mykje av attståande skog, arrondering, tømmerpris og kva ramevilkår den nye skogbruksplanen gjev.

Uro i marknader både i og utanfor Norge vil kunne skape noko usikkerheit. For Skjåk Almenning påverkar dette særleg marknaden for tømmer og hyttesal. Nedlegging av treforedlingsindustri rundt om i Norge har ført til at ein er meir sårbar i høve avsetning og pris. Usikkerheit i marknaden betyr

dårlegare leveransmoglegheiter av både slip og skurtømmer. Ei uttrykt bekymring for Otta Sag og Høvleri AS gjorde seg gjeldande sommaren 2014 då dei selde saglinja si. Mjøsen Skog SA som tømmermottakar, har arbeidd med alternativ leveranse. Dei har førebels fått til ei ordning, men på lengre sikt kan ein sjå for seg reduksjon i sagtømmerprisen grunna avsetningsproblematikk. Skjåk Trelast AS og Skjåk Almenning har i samarbeid sett på moglegheit for å ta inn eit større kvantum som følgje av nedleggjinga på Otta. Elles er det eit uttrykt ynskje å sjå på sagbruket i si heilheit. Dette vil bli eit prioritert arbeidsområde utover 2015.

Som skogeigar er almenninga prisgjeve tømmerprisen. Prisen på både sagtømmer og slip er i betydeleg grad styrt av faktorar utanfor landegrensene. Sagtømmerprisen er no på eit akseptabelt nivå, og vil sannsynlegvis halde seg nokonlunde stabil i året som kjem. Forventningane er at slippriisen held seg stabil låg også i 2015. På landsbasis hadde 2014 det høgaste hogstvolumet sidan 1980-talet. Auka fokus på fornybare ressursar og klima, samt ny forskning og utvikling, bør gjeva skogsressursen ein positiv oppsving framover. Spørsmålet er om dette kjem på trelast eller trefiber.

Ny skogbruksplan våren 2015 vil gje eit riktig og viktig bilete på avvirkingskvantum, tynningsbehov og andre kulturtiltak i åra framover, og vil vera styrande for aktiviteten i skogen. Bandlegging av skogsareal som følgje av verna område vil verke reduserande på avvirkingskvantum.

Området vårt og beitnæringa her er sterkt ramma av rovdyr. Særleg er jerv eit problem, og med høge tapsprosentar er det sjølvsagt eit spørsmål om korleis dette utviklar seg framover. Rovdyr og rammevilkår for jordbruket er avgjerande faktorar for landbruket i vår region, og vi er heilt avhengig av eit sterkt politisk ynskje og vilje for å oppretthalde denne næringa.

Almenningsstyret rettar ein takk til dei tilsette for innsatsen i året som har gått.



(Storhøbu ei vinternatt i 2014. Foto: Kjell Stålevik)

Bismo, 31. desember 2014
26. mars 2015

I styret for Skjåk Almenning


Kjell Egil Ramstad
(Styreleiar)


Rannveig Brennhaug
(Nestleiar)


Gudrun Ramstad


Mona Haugen Grimstad


Ragnhild Haugen


Liv Mona Johnsgard


Rune Plassen


Jo Trygve Lyngved
(Almeningsstyrar)

SKJÅK ALMENNING

RESULTATREGNSKAP 2014

	Note	2014	2013
		(hele kr)	(hele 1.000)
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
DRIFTSINNEKTER			
Salgsinntekter	13	13 863 367	13 247
Brukt skogavgift vedr. drift	8	1 720 024	2 061
Andre driftsinntekter		1 326 584	1 306
SUM DRIFTSINNEKTER		16 909 975	16 614
DRIFTSKOSTNADER			
Forbruk av varer og tjenester	13	4 584 277	4 584
Beholdningsendringer		0	68
Lønnskostnader	2,13	3 353 785	3 015
Ordinære avskrivninger	3,13	391 600	479
Skogavgift	8	1 163 000	1 488
Andre kostnader	2,13	4 029 046	3 987
SUM DRIFTSKOSTNADER		13 521 708	13 621
DRIFTSRESULTAT		3 388 267	2 993
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Aksjeutbytte		9 188	12
Renteinntekter ansvarlig lån datterselskaper	9	295 409	285
Andre renteinntekter		1 409 195	1 278
Andre finanskostnader		-9590	-7
Gevinst salg aksjefond		0	741
Tap på aksjer		-434 400	-34
Regnskapsmessig nedskrivning aksjer		0	-1 300
NETTO FINANSINNEKTER		1 269 802	975
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		4 658 068	3 968
Skattekostnad på ordinært resultat	1	346 289	658
ÅRETS RESULTAT		4 311 781	3 310
DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT			
Ytinger:			
Bruksrettrabatter	10	607 891	478
Kontantutbytte	10	607 891	478
Kvantumsrabatter	1	526 471	431
Sum ytinger		1 742 252	1 387
Andre disponeringer			
Overført erstatningsfond Øvre Otta	11	140 566	148
Overført utviklingsfond	11	195 062	193
Overført fri egenkapital		2 233 901	1 583
SUM		4 311 781	3 310

BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2014

EIENDELER

	Note	2014	2013
		(hele kr)	(hele 1.000)
ANLEGGSMIDLER			
Innkjøpt grunn		126 999	127
Bygninger	3	4 179 000	4 529
Opparbeidingskostnader hyttefelt		497 000	497
Maskiner, inventar og transportmidler	3	51 000	92
Aksjer og andeler	4,9	5 061 080	5 369
Ansvarlig låneinnskudd datterselskaper	9	8 170 000	8 010
SUM ANLEGGSMIDLER		18 085 079	18 624
OMLØPSMIDLER			
Varebeholdninger	5	0	0
Hytte Billingen Hyttefelt		0	2 589
Kundefordringer	6,9	1 801 944	1 222
Andre kortsiktige fordringer		113 425	991
Bankinnskudd	7,11	36 521 463	31 118
Bankinnskudd fond	11	10 407 770	10 596
Kasse		2 000	2
SUM OMLØPSMIDLER		48 846 601	46 518
SUM EIENDELER		66 931 680	65 142

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2014

Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med god regnskapsskikk for små foretak. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Varige driftsmidler med levetid over 3 år og kostpris som overstiger kr 15.000,- avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under andre driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler føres under henholdsvis driftsinntekter og driftskostnader.

Varer er vurdert til det laveste av gjennomsnittlig anskaffelseskost og virkelig verdi. Kundefordringer og andre fordringer er oppført til pålydende etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Almenningen har beregnet skogavgift på avvirkingen etter gjeldende regler.

Det vises til egen note vedr. skogavgift.

For å vise rettmessig og oversiktlig informasjon om ytinger til de eiendoms og bruksberettigede er kvantumsrabatten tatt inn under «Disponering av årets resultat» under resultatregnskapet.

Almenningens skattekostnad består av betalbar inntekts- og formuesskatt. Almenningen er skattepliktig for deler av sin inntekt og formue.

Note 2: Ansatte, godtgjørelser mv.

<u>Lønnskostnader</u>	<u>2014</u>	<u>2013</u>
Lønninger	2.848.269	2.525.413
Arbeidsgiveravgift	193.032	170.744
Pensjonskostnader	95.461	93.452
Andre ytelser	217.023	226.187
Sum lønnskostnad	3.353.785	3.015.796

Almenningen har i 2014 sysselsatt 6 årsverk.

<u>Godtgjørelser</u>	<u>Almenningsbestyrer</u>	<u>Styret</u>
Lønn	560.999	180.483
Andre ytelser	31.408	4.598

Revisjon- og kontrollutvalget/valgkomite

Kostnadsført honorar og bilgodtgjørelse revisjons- og kontrollutv. utgjør kr. 13.500 i 2014. Kostnadsført honorar og bilgodtgjørelse valgkomite utgjør kr. 20.455 i 2014.

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjon etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Foretaket har pensjonsordning som oppfyller kravene etter denne loven.

Det er foretatt avsetning til underdekning i den gamle LO/NHO-ordningen med kr. 9.634.

Revisor

Kostnadsført honorar for lovpålagt revisjon i 2014 utgjør kr 49.245,- ekskl. merverdiavgift. Honorar for annen bistand utgjør kr 14.017,- ekskl. merverdiavgift.

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2014

Note 3: Varige driftsmidler

Avskrivningsoversikt pr. 31.12.2014	Bygninger	Maskiner	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	18.286.567	4.017.706	22.304.273
Tilgang	0	0	0
Avgang	0	0	0
Anskaffelseskost pr. 31.12	18.286.567	4.017.706	22.304.273
Avskrevet ordinært pr. 01.01	13.757.367	3.925.306	17.682.673
Avskrevet i året	350.200	41.400	391.600
Avskrevet ordinært pr. 31.12	14.107.567	3.966.706	18.074.273
Balanseverdi pr. 31.12	4.179.000	51.000	4.230.000
Prosentstans for ordinær avskrivning	4-8%	10-25%	

Note 4: Aksjer og andeler

Aksjer/andeler:

Selskap	Eierandel	Antall aksjer	Pålydende	Bokført verdi
<i>Datterselskaper:</i>				
Skjåk Trelast AS	100,0 %	3.740	1.000	3.740.000
Skjåk Almennings Utv. AS	100,0 %	2.000	1.000	1.000.000
<i>Andre selskaper:</i>				
Norske Skogindustrier AS		1.537	20	2.830
UNI Storebrand AS		13	20	0
AS Vågåfisk	1,6 %	1	10.000	10.000
Skjåk Turløyper SA		2	1.000	2.000
Skjåk Mediautvikling AS		4	250	0
Mjøsen Skog SA				306.250
SUM				5.061.080

Note 5: Varebeholdninger

Tømmer i skogen	0
Sum varebeholdning	0

Note 6: Kundefordringer

	<u>2014</u>	<u>2013</u>
Mellomværende med bruksberettigede	187.731	136.739
Kundefordringer, eksternt	1.664.213	1.135.498
Brutto kundefordringer	1.851.944	1.272.237
Avsatt til tap	50.000	50.000
Bokført verdi kundefordringer	1.801.944	1.222.237

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2014

Note 7: Bankinnskudd

Posten inkluderer et beløp på kr 206.725,- som er sperret som sikkerhet for inntrukne skattetrekksmidler.

Note 8: Skogavgiftskonto

	2014	2013
	(hele kr.)	(hele 1.000)
Tilført skogavgiftsmidler		
Tilført fra avvirkning dette året m.v.	1.163.000	1.488
Statstilskudd skogkultur	557.024	573
Sum tilført	1.720.024	2.061
FORBRUK AV SKOGAVGIFTSMIDLER		
Skogkultur	775.749	937
Veger og bygninger	693.400	875
Skogbruksplan	250.637	250
Sum forbruk (av dette lønnskostnader kr. 134.738)	1.719.786	2.062
Skogavgiftskonto pr. 01.01	121	1
Endring i året	238	-1
Skogavgiftskonto pr. 31.12	359	0

Note 9: Konsernforhold

1. Konsernstruktur

Selskapet har pr 31.12.2014 følgende eierandeler i datterselskaper:

Selskapets navn	Forretnings-kontor	Antall aksjer	Eier-andel	Stemme-andel	Resultat 2014	Egenkapital 31.12.2014
Skjåk Alm. Utv.. AS	Skjåk	2.000	100,0 %	100,0 %	-225.825	453.495
Skjåk Trelast AS	Skjåk	3.740	100,0 %	100,0 %	-267.900	2.890.846

Konsernet sett som en enhet faller inn under definisjonen av små foretak etter Regnskapslovens § 1-6. Det er derfor ikke utarbeidet særskilt konsernregnskap.

2. Interne transaksjoner

Transaksjonens art:	Skjåk Trelast AS
Salg av tømmer og slip til datterselskap	1.524.424
Husleieinntekter fra datterselskap	265.000
Kjøp av trelast mv. fra datterselskap	3.170.854
Kjøp av tjenester fra datterselskap	0

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2014

Mellomværende pr. 31.12.2014	Skjåk Trelast AS
Ansvarlig låneinnskudd datterselskap	6.170.000
Fordring på datterselskap	792.182
Gjeld til datterselskap	199.971

Mellomværende pr. 31.12.2014	Skjåk Alm. Utv. AS
Ansvarlig låneinnskudd datterselskap	2.000.000
Fordring på datterselskap	94.000
Gjeld til datterselskap	0

Ansvarlig låneinnskudd datterselskaper

Skjåk Trelast AS: Renter er beregnet til kr 201.409 i 2014.

Skjåk Alm. Utv. AS: Renter er beregnet til kr. 94.000 i 2014.

Note 10: Kontantutbytte til eierne

Etter avtale mellom Skjåk Bygdealmening v/almenningsstyret på den ene siden og Skjåk Bygdealmening v/eierlaget på den andre siden tilkommer eierne av almenningen fra og med regnskapsåret 1994 et årlig kontantutbytte av samme størrelse som det er gitt bruksrettsytelser.

Dersom det er underskudd et år, slik at utbetaling til eierne ikke kan skje, skal et beløp tilsvarende 70 % av bruksrettsytelsene i året etterbetales eierne når overskudd igjen oppstår i almenningen.

Årets resultat		4.311.781
<u>Overført fond:</u>		
Erstatningsfond	140.566	
Utviklingsfond	195.062	335.628
		<u>3.976.153</u>
<u>Bruksrettsytelser:</u>		
Bruksrettsrabatter	607.891	607.891
Disponibelt for utbetaling av kontantutbytte		<u>3.368.262</u>
Sum bruksrettsytelser i året		<u>607.891</u>
Grunnlag for kontantutbytte for året		607.891
Framført kontantutbytte fra forrige regnskapsår		<u>0</u>
Sum kontantutbytte		<u>607.891</u>

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2014

Note 11: Erstatningsfond

ERSTATNINGSFOND ØVRE OTTA

År	Grunnkap	Tilført grunnkap	Renter	10 % grunnkap	Ny grunnkap	Tilført avkastn	Forbruk avkastn	Saldo unytta avkastn	Saldo bank
2013	3.982.883	0	147.863	14.786	3.997.669	133.077	195.880	441.470	4.439.139
2014	3.997.669	0	140.566	14.057	4.011.726	126.509	394.185	173.794	4.185.520

UTVIKLINGSFOND

År	Grunnkap	Tilført grunnkap	Renter	10 % grunnkap	Ny grunnkap	Tilført avkastn	Forbruk avkastn	Saldo unytta avkastn	Saldo bank
2013	4.296.148	1.616.692	193.300	19.330	5.932.170	173.970	0	225.018	6.157.188
2014	5.932.170	0	195.062	19.506	5.951.676	175.556	130.000	270.574	6.222.250

Erstatningsfond Øvre Otta og Utviklingsfond er styrt etter egne statutter hvor styret i almenningen er styre for fondsmidler. Styret kan bestemme at en andel av årets avkastning på fondsmidlene kan nyttes til almenningen og almenningsnyttige formål.

Fondenes statutter tilsier at grunnkapitalen skal stå urørt. Statuttene kan kun endres etter innstilling fra styret og etter vedtak fra de som har eiendomsrett/bruksrett etter bestemte krav til flertall.

Verneområdeerstatning er plassert på egen bankkonto, men er ikke underlagt tilsvarende statutter. Statutter blir utarbeidet i 2015.

Note 12: Andelskapital

Ingen av andelseierne eier mer enn 5% av andelskapitalen.
Styret og daglig leder har følgende eierinteresser i almenningen:

Navn	Andel
Ragnhild Haugen	0,00%
Gudrun Ramstad	1,74%
Rannveig Brennhaug	0,00%
Liv Mona Jonsgard	0,00%
Kjell Egil Ramstad	0,07%
Mona Haugen Grimstad	0,71%
Rune Plassen	0,00%
Jo Trygve Lyngved	0,00%

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2014

Note 13: Avdelingsvise resultater

		2014 (hele kr.)	2013 (1000 kr.)
Skogen	Inntekter	4.122.890	4.531
	Utgifter	3.479.757	4.654
	Resultat	643.134	-123
Utmark	Inntekter	6.514.642	6.436
	Utgifter	1.511.029	1.279
	Resultat	5.003.612	5.157
Bruksrettsomsetning	Inntekter	3.179.530	1.990
	Utgifter	3.170.854	2.451
	Resultat	8.676	-461
Eigedom/utleige	Inntekter	933.331	958
	Utgifter	767.388	739
	Resultat	165.943	218
Felleskostnader	Inntekter	439.558	204
	Utgifter	2.740.774	2.433
	Resultat	-2.301.216	-2.229

Til årsmøtet i
Skjåk Almenning

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Skjåk Almenning, som består av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap som viser et overskudd på kr 4 311 781 for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet for Skjåk Almenning avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2014 og av dets resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold


Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at styret og daglig leder har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Otta, 27. mars 2015
ERNST & YOUNG AS



Lars Løkken
statsautorisert revisor

Til årsmøtet i Skjåk Almenning

MELDING FRÅ REVISJON- OG KONTROLLUTVALET I SKJÅK ALMENNING

Revisjon- og kontrollutvalet har hatt 2 møter og sakshandsaminga er nedskrivi i utvalet sin møteprotokoll.

Revisjon- og kontrollutvalet har gjennom året fått tilsendt saklister og styrevedtak og har ikkje merknader til desse.

Frå administrasjonen har utvalet fått grei orientering om aktivitetane i året og vi har fått svar på det vi har spurt om. Utvalet har hatt eit møte saman med revisor Lars Løkken i Ernst & Young.

Utvalet har gått gjennom rekneskapa for 2014 saman med almenningsstyrar.

Revisjons- og kontrollutvalet har ingen merknader til regnskap og årsmeldinga i Skjåk Almenning for 2014.

Skjåk 30.03.2015


Egil Mørk


Lars Skrinde

Informasjon og retningslinjer for bruksberettiga i Skjåk Almanning.

Sist revidert 26. mars 2015
Vedteke i styremøte 2015/14

1. Generelt om bruksrettsyting

Forutsetninga for å få bruksrettsyting er at tiltaket tilfredsstillere eigedomens behov ved jordsbruksmessig drift, og er i samsvar med rasjonell bruk i høve det som er naturleg etter tid og tilhøve, jfr. Bygdealmenningslova § 2-2. Almenningsstyret har gjeve uttrykk for at det er det aktive jordbruket som skal prioriterast. Ved forvaltning av bruksretten og berekningen av eigedomens jordbruksmessige behov er det eigedommens eiga areal som er grunnlaget. Leigejord skal altså ikkje inkluderast. Tiltaket det blir søkt ytingar om må altså stå i samsvar med eigedommens status og drift etter ei samla vurdering. Eigar av bruksberettiga jordbrukseigedom må i søknadsform beskrive og dokumentere eigedomens behov ved jordbruksmessig drift. Det vil bli gjort konkrete og individuelle vurderingar, og kvar enkelt søknad vil bli vurdert ut ifrå den jordbruksmessig drift som faktisk føregår, dyrka areal, busetjing, framtidsplaner for bruket, planar om tilflytting og evt. planar om gjenoppretting av jordbruksdrift. Opprømsinga er ikkje uttømande, og almenningstyret kan be om eller innhente tilleggsinformasjon for å betre sitt vurderingsgrunnlag.

2. Søknad

For søknad om bruksrettsytingar skal det brukast eige søknadsskjema.

Det skal brukast 1 – eitt – skjema for kvart tiltak. Kvar søknad blir gjeve eit søknadsnummer. Dette skal gjevast opp når uttak av tømmer og trelast skjer.

Den enkelte bruksberettiga eigedom kan i løpet av eitt kalenderår ta ut inntil 2 m³ trelast eller 5 m³ rundvirke utan søknad, med vilkår at dette blir brukt til å dekkje eigedomens behov ved jordbruksmessig drift.

For uttak av tømmer og trelast over 2. m³: Alle bruksberettiga må søkje almenningstyret på eige skjema.

Søknad skal vera innvilga før uttak kan skje. Virke som blir teke ut utan at søknad er innvilga kan fakturerast til marknadspris. Innvilga kvantum gjeld for 2 år.

3. Tilskot og generasjonsskifte

Tilskot er ein bruksmåte av overskot som kjem i tillegg til vanlege bruksrettsytingar. Styret står fritt i tildeling av tilskot, og vurderer til kvar tid innretning og storleik på tilskot. Gardbrukarar t.o.m. 35 år som tek over gardsbruk kan søkje om tilskot på investeringar som tener det jordbruksmessige behovet. Tilskotet kan til dømes gjevast på uttak av materialar på Skjåk Trelast AS. Der det føreligg skriftleg avtale om overtaking av eigedomen innan 3 år kan det også søkjast om tilskot. Brukaren har ansvar for at slike opplysningar blir gjeve Skjåk Almanning. Skriftleg søknad med grunngjeving må sendast almenningstyret.

4. Omgjering av tildeling

Alle ytingar utbetalt på feil grunnlag skal attendebetalast i si heilheit. Ved misbruk blir retten til almenningstytingar inndrege for 5 år. Om den jordbruksmessige drifta blir lagt ned innan rimeleg tid kan almenningstyret krevja at ytingar blir attendebalt (jf. §5-7 i bygdealmenningslova og gjeldande bruksreglar for Skjåk Almanning). Dette gjeld for eksempel frådelling av hus, frådelling/omdisponering av dyrka jord slik at jordbruksarealet blir så lite at bruket misser bruksretten eller at brukets karakter blir endra til fritidseigedom. Det vil skje stikkprøver på uttak av materialar (også under frikvantum) og at tiltaket er relevant for dagens drift på eigdommen.

5. Eigedomsoverdraging/forpaking/anna endring

Ved eigedomsoverdraging, forpaking og endring av sivil status må bruksrettsmanntalet ajourførast. Dette skal gjerast ved at dei/den bruksberettiga sjølve kontaktar almenningsskontoret for å få tilsendt meldingsskjema.

6. Strøflis, fyringsflis og grus

Strøflis: Brukrettsyting på strøflis blir berre gjeve til eigedomens jordbruksmessige behov. Kontakt Skjåk Trelast AS for hentedagar, pris, og evt. levering direkte til gardsbruket.

- Grus: Det blir gjeve bruksrettsrabatt på 15 kr/m³ på uttak av knust grus frå Framruste (frå eiga råvare), eks. mva. og frakt. Det blir ikkje gjeve rabatt på uttak av råmasse. Uttak til fellestiltak og/eller setervegar skal gå gjennom organisert veglag. Rabatt blir utbetalt ein gong i året på grunnlag av samla dokumentert faktura levert Skjåk Almenning før 1. desember. Før rabatt blir gjeve skal bruksberettiga søkje om dette på eige skjema.
- Fyringsflis: Brukrettsyting på fyringsflis blir berre gjeve til eigedomens jordbruksmessige behov.

7. Snøscooter

Skjåk Almenning har reglar som regulerer bruk av snøscooter innan almenninga i samband med jordbruksnæring. Bruksberettiga som har legitimt behov for å nytte snøscooter, må framfor kvar vintersesong sende skriftleg melding om dette på fastsett skjema. Ferdig utfylt og godkjent skjema tener som kjøreløyve. Reglar og skjema vil ein få ved å vende seg til almenningskontoret. Ved køyring i verneområde, må forvaltninga gjeva løyve.

8. Uttak av ved på rot

Iflg. bruksreglane kan hogst av ved på rot berre skje etter avtale. Bryting av tyrirøt og neverflekking o.s.v. kan berre skje etter tilvising.

9. Henting/køyring av ved frå Skjåk Trelast AS

Utkøyring av ved skjer fortløpande i høve til bestillingsdato. Dei som sjølv ordnar transport, må køyre unna innan 1 veke etter henteklarmelding. Elles kjem dei sist i køen.

10. Rabattsatser til alle bruksberettiga

Frå Skjåk Almenning:

Bruksrettsrabattar:

Skurlast	30%	av detaljpris
Høvellast	20%	"
Impregnert last uhøvla	30%	"
Impregnert last høvla	20%	"
Gjerdestolp, impregnert	30%	"
Rundtømmer	30%	"
Vedslip	30%	" opptil 15 m ³
Kløyvd furuved	20%	av marknadspris
Bordkapp	30%	"
Celluloseflis	30%	"
Sag - og kutterflis	30%	"
Rein bark	30%	"
Grus.....	15 kr/m ³	
Skrotbark og anna avrat	Gratis	

Gjeld ved kjøp av tømmer og trelast frå Skjåk Trelast AS.

Betalingsføresetnader: Netto pr. 15 dagar. Etter dette vert det rekna 12 % renter.

I tillegg yter Skjåk Almenning 18 % kvantumsrabatt på bruksrettssal (gjeld ikkje for grus).

Frå Skjåk Trelast AS

Dette kjem som tillegg til rabattane frå Skjåk Almenning.

Pr. ekspedisjon/bestilling	Innkjøpt trelast	Eigenprodusert trelast
kr. 0 – 3.000	0 %	0 %
kr. 3.000 – 6.000	0 %	5 %
kr. 6.000 – 10.000	5 %	10 %
kr. 10.000 – 20.000	10 %	15 %
kr. >20.000	15 %	20 %

Rabatten gjeld ikkje tilbodsvarer, og tilbodsvarer går heller ikkje inn i rabattgrunnlaget.

Frå Bygger`n Skjåk AS

Trelast: Opptil 25% på trelast.

Byggevarer: Småparti 10% - Større parti, spør om tilbod.

Desse rabattane blir ikkje gjeve i tillegg til rabatt frå Skjåk Almenning og Skjåk Trelast AS.